



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 21/808
ArkivID: K1-141, PLANID-202102
Saksbehandlar: Martin Lie Sjursen

Saksnr.	Utval	Møtedato
30/25	Formannskapet	19.06.2025

Vurdering av innspel etter 2.gongs høyring og offentleg ettersyn

Vedlegg:

12.06.2025	Vurdering av innspel etter 2.gongs høyring og offentleg ettersyn	283761
11.06.2025	Vedlegg 1 - Notat framtidig fritid	283762
11.06.2025	Vedlegg 2 - Verknaden av å ta ut arealet ved Javnlie	283763
11.06.2025	Vedlegg 3 - Kartleggingsområder_Øystre Slidre kommune (3)	283764
11.06.2025	Vedlegg 4 - Fortetting med kvalitet	283765
11.06.2025	Vedlegg 5 - Utgående referat	283766
11.06.2025	Vedlegg 6 - Oppfølging av motsegn	283767

Tilråding

Formannskapet sluttar seg til dei tilrådingane kommunedirektøren har gjort i vedlagt notat og ber kommunedirektøren legge dette til grunn for slutthandsaminga av arealplanen.

Bakgrunn for saka

Prosess

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) blir revidert med jamne mellomrom for å halde planen oppdatert etter nye nasjonale og regionale retningslinjer eller nye politiske ynskjer for arealbruk, utvikling av næring m.m.

Formannskapet vedtok den 21.10.2021 oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningsloven §11-12, og opna samtidig for innspel til kommuneplanen sin arealdel, med frist 1.februar 2022. Planprogrammet vart etter §11-13 lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist for uttale 5.januar 2022. Planprogrammet til arealdelen vart fastsett i Øystre Slidre kommunestyre 17.02.2022 sak 11/22.

Hausten 2024 blei innspela vurdert av formannskapet (sak 49/24). Og med heimel i plan og bygningsloven § 11-14 la kommunestyret i møte 19.12.24, sak 87/24, å legge forslag til ny arealdel av kommuneplan 2025-2037 for Øystre Slidre kommune ut på 2.gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 24.februar 2025.

Det kom inn 65 innspel i høyringsperioden.

Saksopplysningar

Innspela i saka utgjer samla fleire hundre sider. Me refererer i vedlagt dokument ei samanstilling av merknadene, for å gjere det meir overkomeleg for formannskapet og publikum å setje seg inn i desse. Dei innspela som gjeld same tema er samla temavis og blir

vurdert samla, mens andre blir vurder kvar for seg. Alle merknadene er tilgjengeleg for dei som ønsker å lese desse i fulltekst. Korleis ein lesar innspela i fulltekst er beskrive i vedlagt dokument.

Habilitet

To saker vert fremja som eigen sak ut frå vurderingane i notatet om habilitet (k-sak 18/22). Dette er saker der ein av formannskapsmedlemmane er vurdert inhabile til å delta i handsaminga av det aktuelle innspelet.

Vurdering

Alle innspel er vurdert i vedlagt notat.

Vidare prosess

Innspela frå Statsforvaltaren i Innlandet og Mattilsynet region øst er ikkje klare for endeleg behandling, då dei har fleire motsegn til planen og vi er i ein prosess med å løyse dei. Frå SFI gjenstår det å løyse 4 av 19 motsegn. Av dei 15 motsegnene frå Statsforvaltaren som har ei tilrådd løysing frå kommunedirektøren, inneber nokre av løysingane arealbruksendringar. Dei grunneigarane som er berørt av desse moglege arealbruksendringane har fått brev frå kommunen om det, men ein frist for uttale. Dersom det kjem inn informasjon i denne avgrensa høyringsrunden som påverkar kommunedirektøren si vurdering i desse sakene, vil vi kome tilbake til formannskapet med som eiga sak. Korleis vi skal løyse dei attverande motsegnene vert orientert om i komande formannskapsmøte, og teke opp for handsaming i eit seinare møte. I vedlagt notat er det gjort ei framstilling av dei motsegnene som er løyst, og ei førebels vurdering av dei motsegnene som gjenstår.

Formannskapet 19.06.2025:

Behandling:

Kommunedirektøren opplyste om at det i samband med vurdering av innspel ved 1. gongs høyring ved ein inkurie vart teke ut krav om felles planlegging for området frå Kiwien på Beitostølen til og med fleirbrukstrase over Dalejordet, og at det vil bli teke inn i kartet ved slutthandsaming av arealplanen. Formannskapet hadde ikkje merknader til det. Kommunedirektøren opplyste også at det er behov for høyring av delar av planen som oppfølging av motsegnene frå Statsforvalteren (spreidd avløp og avløp) og Mattilsynet (sikringssoner). Formannskapet slutta seg til dette, og gir mynde til kommunedirektøren til å gjennomføre høyring av dei delane av arealplanen som vert påverka av desse motsegnene.

Samrøystes vedteke.

FS- 30/25 Vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei tilrådingane kommunedirektøren har gjort i vedlagt notat og ber kommunedirektøren legge dette til grunn for slutthandsaminga av arealplanen.

Formannskapet gir kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre høyring av dei delane av arealplanen som vert endra som følgje av motsegnene frå Statsforvalteren i Innlandet og Mattilsynet.